

GRUPPEOPPGAVE DIALOGKONFERANSE 2010

I Arnatveit huseigarlag er det 50 einingar (20 einebustader, 4 firemannsbustader, og 7 tomannsbustader). Alle einingane vart oppført i 2007 og 2008. I huseigarlaget bur det 75 born mellom 0-18 år. Ein rekner med yttarleg folkevekst dei næraste åra. Generalforsamlinga fatta vedtak om å lage ein sandvolleyballbane på fellesareala til huseigarlaget. Ein ynskjer mest mogleg dugnadsarbeid for å spare pengar i høve til innkjøp hjå ulike leverandørar.

Før sandvolleyballbana kan etablerast, må ein gjere ein del grunnarbeid. Styret har estimert totalkostnaden på anlegget til ca 420 00,- kr. Dette inkludert gjerde rundt sjølve bana. Kostnaden for innkjøp og montering av gjerde er ca 30 000,- kr. Det bur også handtverkarar blant bebruarane i huseigarlaget. Oppmøtet på fellesdugnadane i huseigarlaget er godt.

Huseigarlaget har øyremarka 100 000,- kr til sandvolleyballbana. Styret har budsjettert med 75 000,- kr i dugnadsinnsats og ulike rabatter tilsvarande 25 000,- kr frå ulike leverandørar. I tillegg rekner dei med å motta 20 000,- kr i gåver frå ulike bedrifter og stiftingar.

Oppgåve 1:

Skriv ei behovsoppgave og førehandsgodkjenning (les stikkord).

Kva andre dokument må leggjast ved søknaden? (Sjå vekk frå kostnadsoverslag og finansieringsplan). Kvifor skal dokumenta leggjast ved?

Kan huseigarlaget starte arbeidet med sandvolleybana før førehandsgodkjenninga er gjeve av kommunen ?

Oppgåve 2:

Lag ei fiktiv detaljert kostnadsoverslag og finansieringsplan der prosjektet har ei total kostnadsramme på 420.000,- kr.

Kva vedlegg som har med kostnadsoverslag og finansieringsplan må leggjast ved søknaden som dokumentasjon på at kostnader og finansiering er korrekte ? Utarbeid nevnte fiktive dokument.

Løsningsforslag til oppgave 1 og 2 på dialogkonferanse 2010

Oppgave 1

Behovsoppgave bør innehalde følgjande informasjon (stikkord)

- 50 einingar (20 einebustader, 4 firemannsbustader, og 7 tomannsbustader). Alle einingane vart oppført i 2007 og 2008.
- I huseigarlaget bur det 75 born mellom 0-18 år. Ein rekner med yttarleg folkevekst dei næraste åra.
- Det er ca 1 km til nærmeste idrettsanlegg og skule dessutan er det ingen nærmiljøanlegg i feltet pr dags dato eller i nærliggande bustadfelt.
- Huseierlaget har store fellesområder og styret ønskjer å skape meir aktivitet i feltet for både store og små barn samt utnytta fellesareal betre.

Forehandsgodkjenning bør innehalde følgjande informasjon (stikkord)

- Teknisk godkjenning inkl underskrift og stempel på tekingar
- Kva plass anlegget har i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet
- Situasjonsplan i målestokk 1:1000 eller 1:500 med arealdisponering av område
- Trongsoppgåve (behov) for anlegget
- Enkelt kostnadsoverslag inkl førebels plan for finansiering

Andre vedlegg som bør leggjast ved ein spelemiddelsøknad:

- Vedtekter for huseigarlaget (ein må vurdere om søkjar er kvalifisert søkjar)
- Dokumentasjon på kven som eigar grunn (dersom ein ikkje eigar grunn må ein legge ved (fortrinnsvis tinglyst) leigeavtale på grunn som gjeld i minst 20 år i dette tilfelle)
- Plan for drift av anlegget – kven og korleis skal anlegget drivast

Huseigarlaget kan ikkje starte bygging av sandvolleybanen før kommunen har gitt dei førehandsgodkjenning.

Oppgave 2:

- Kostnadsoverslag må utarbeidast, sjå døme
- Dokumentasjon på pristilbud frå leverandørar som
 - verdsetter verdi på dugnad eks mva dersom søkjar sjølv ønskjar å jobbe dugnad for å redusere kontantrekneskapen (les penger som vert betalt ut til leverandør(ar))
 - viser kva rabatt eks mva søkjar vil få
- Gåvebrev, sjå døme,
- Dokumentasjon på at huseigarlaget har 100.000,- kr i eigenkapital (les bankinnskott)